

Innkalling

REPRESENTANTSKAPSMØTE

Søre Sunnmøre Reinholdswerk

Torsdag

23. mai 2019

kl. 10.00

Saunesmarka

Innkalling til representantskapsmøte i

Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS

torsdag 23.05.2019 kl. 10.00 i Saunesmarka

Innkalling til:

- Herøy: Arnulf Goksøyr, Mona-Grethe Ryssevik, Thor-Sigmund Garvik og Per Kristian Furø
- Ulstein: Knut Erik Engh, Magne Gurskevik og Per Botnen
- Hareid: Anders Riise og Kjetil Nessel
- Sande: Dag Vaagen og Marion Flatøy Bringsvor

Desse sakene er førebudd for handsaming:

Vedtakssaker:

Sak R01/19 Godkjenning av innkalling og sakliste

Sak R02/19 Valg av to representantar til å skrive under møteprotokollen saman med leiar (og dagleg leiar) – (Sist: Kjetil Nessel og Thor-Sigmund Garvik)

Sak R03/19 Godkjenning av årsrekneskap 2018, revisor si beretning og handsaming av overskot – møtebok

Sak R04/19 Godkjenning av eigarmelding 2018 – møtebok

Sak R05/19 Val av revisor og godkjenning av honorar til revisor etter rekning – møtebok

Sak R06/19 Styreval og fastsetting av styregodtgjersle – møtebok

Forts.

Forts.

Sak R07/19 Strategisk plan 2019-2022 – møtebok

Orienteringssaker / eventuelt vedtakssaker:

Sak R08/19 Kort orientering om drifta i SSR v/styreleiar og dagleg leiar

Ulsteinvik, 15.04.2019

Knut Erik Engh
leiar

George Fulford
styreleiar

Innkallinga/saklista vert også sendt til varamedlemmene. Desse får særskild melding dersom dei skal møte. I tillegg vert den sendt til revisor, Jostein Støylen/Vest Kontroll, styret og eigarkommunane.

Søre Sunnmøre Reinholdswerk IKS

MØTEBOK - REPRESENTANTSKAPET

SAK NR R01/19

Møtedato: 23.05.2019

Sakshandsamar: Einar Heimdal

Sak R01/19 – GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE:

Forslag til vedtak er: «Innkallinga og saklista vart godkjend.»

Vedtak, samr.:

Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS

MØTEBOK - REPRESENTANTSKAPET

SAK NR R02/19

Møtedato: 23.05.2019

Sakshandsamar: Einar Heimdal

Sak R02/19 –

VAL AV TO REPRESENTANTAR TIL Å SKRIVE UNDER MØTEPROTOKOLLEN SAMAN MED LEIAR (OG DAGLEG LEIAR):

To representantar skal skrive under møteprotokollen saman med leiar (og dagleg leiar).

Sist skreiv Kjetil Nasset og Thor-Sigmund Garvik under protokollen.

Forslag til vedtak er:

«X og X skriv under protokollen saman med leiar Knut Erik Engh (og dagleg leiar)».

Vedtak, samr.:

MØTEBOK - REPRESENTANTSKAPET

SAK NR R03/19

Møtedato: 23.05.2019

Sakshandsamar: Einar Heimdal

Sak R03/19 – GODKJENNING AV ÅRSREKNESKAP 2018, REVISOR SI BERETNING OG HANDSAMING AV OVERSKOT

Det vil bli orientert om talmaterialet på møtet.

Følgande er vedlagt:

- Årsrekneskap 2018 med balanse og notar
- Revisor si beretning

Økonomiske hovudtal frå rekneskapet i 2018:

Drift: Inntekter hushaldning, næring og slam:	kr 47 676 771
Drift: Kostnader hushaldning, næring og slam:	kr 46 929 225
Overskot i 2018:	kr 747 546

Overskotet er fordelt slik:

Overskot hushaldning (før rentejusteringar og sjølvkostbereikningar):	kr 455 000
Overskot næring:	kr 297 000
Underskot slam:	kr 5 000 -

Hushaldningsrenovasjon – sjølvkostfondet:

Overskot hushaldning (før rentejusteringar og sjølvkostbereikningar):	kr 455 000
Underskot etter rentejusteringar og sjølvkostbereikningar:	kr 630 000 -
Rentejustert sjølvkostfond pr. 31. desember 2018:	kr 9 482 000

Slam – Ulstein og Hareid:

Underskot slam, Ulstein og Hareid:	kr 5 000 -
Sjølvkostfond for slamkundar i Ulstein/Hareid pr. 31.12.2018:	kr 21 000

Næring – eigenkapital:

Overskot næring:	kr 297 000
Renter, etc. og overskot frå næring til anna eigenkapital:	kr 1 382 546
Eigenkapitalen pr. 31. desember 2018:	kr 5 414 183

Forts.

På renovasjonsdelen er det eit pluss på kroner 753.000 i 2018 – før renteendringar, sjølvkostbereikningar og balanseføringar. Dette er kr 1.365.000 betre enn budsjetttert. Vi kom langt betre ut enn budsjetttert på varekostnader (kr 1.415.000), og dette kjem av gode nedstraumsavtaler og mindre greinavfall enn bereikna. Største overskridinga på driftskostnader var på kr 464.000 på innsamlingsutstyr og sekkar. Dette kom av at det var budsjetttert med at mykje av dette skulle investerast og ikkje direkteførast.

Når det gjeld slamdelen, er det totale underskotet der kr 96.000 i 2017, der kr 91.000 er ført som kortsiktig fordring mot Herøy og Sande (jfr. note 10). Slamtøminga for Hareid og Ulstein er eit eige kostpris-/sjølvkost-område, der sjølvkostfondet for private slamavskiljarar ligg hos SSR. For Herøy og Sande blir det som før, m.a.o. eit nullregime, der underskot blir kravd inn frå kommunane og overskot tilbakeført til kommunane. Det same systemet blir nytta på kommunal kloakk. Der ligg alle sjølvkostfonda hos kommunane og SSR køyrer eit nullregime.

Viktige poeng elles å merke seg:

- Fordelingsnøklane er nøye gjennomgått og kvalitetssikra. I tillegg er fleire av desse nøklane diskutert i høve selskapskontrollen.
- Både hushaldningsdelen og næringsdelen går greit, sjølv om ein også i år ser at driftskostnadene med desentraliserte miljøstasjonar held seg høge.

Styret si tilråding til vedtak:

Representantskapet godkjenner årsrekneskapet for 2018, revisor si beretning og handsaming av overskot.

Vedtak, samr.:

Årsregnskap

2018

Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS

Org.nr. 987 570 970

Resultatrekneskap

Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS

Driftsinntekter og driftskostnader	Note	2018	Budsjett 2018	2017
Salsinntekt		47 523 902	49 355 000	47 456 291
Anna driftsinntekt		152 869	153 000	185 378
Sum driftsinntekter		47 676 771	49 508 000	47 641 669
Varekostnad		8 409 371	11 986 000	9 910 910
Lønskostnad	2, 3	20 333 769	20 676 000	19 533 119
Ordinær avskrivning	5	3 586 284	3 096 000	4 271 916
Nedskrivning	5	0	0	884 427
Annan driftskostnad	2, 6	13 378 559	13 164 000	14 724 731
Sum driftskostnader		45 707 982	48 922 000	49 325 103
Driftsresultat		1 968 789	586 000	-1 683 434
Finansinntekter og finanskostnader				
Anna renteinntekt		322 804	499 000	581 892
Anna finansinntekt		0	1 000	0
Anna rentekostnad		1 544 048	1 925 000	1 348 989
Resultat av finansposter	14	-1 221 243	-1 425 000	-767 098
Ordinært resultat før skattekostnad		747 546	-839 000	-2 450 532
Skattekostnad på ordinært resultat	8	0	0	49 760
Årsresultat	10, 11	747 546	-839 000	-2 500 292
Overføring				
Avsett til/frå sjølvkostfond		-635 000	0	-5 505 000
Avsett til annan egenkapital		1 382 546	0	3 004 708
Sum overføringer	10, 11	747 546	0	-2 500 292

Balanse

Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS

EIGEDELAR	Note	2018	2017
Anleggsmiddel			
<i>Varige driftsmiddel</i>			
Tomter, bygningar og annan fast eigedom	5	97 805 476	75 617 708
Maskinar og anlegg	5	11 038 127	10 374 226
Driftslausøyre, inventar, verktøy, kontormaskinar	5	4 051 094	1 410 360
<i>Finansielle anleggsmiddel</i>			
Investeringar i aksjar og partar		611 551	549 980
Sum anleggsmiddel		<u>113 506 248</u>	<u>87 952 273</u>
Omløpsmiddel			
<i>Omløpsmiddel</i>			
Kundefordringar		2 136 552	2 041 530
Opptent inntekt		57 000	182 000
Andre kortsiktige fordringar		2 886 416	2 436 452
<i>Bankinnskot, kontantar og liknande</i>			
Bankinnskot, kontantar og liknande	4	4 005 826	28 354 033
Sum omløpsmiddel		<u>9 085 795</u>	<u>33 014 015</u>
Sum egedelar		<u>122 592 042</u>	<u>120 966 288</u>

Balanse

Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS

EIGENKAPITAL OG GJELD	Note	2018	2017
Eigenkapital			
<i>Opptent eigenkapital</i>			
Annan eigenkapital		5 414 183	4 031 637
Sum eigenkapital	11, 12	<u>5 414 183</u>	<u>4 031 637</u>
Gjeld			
<i>Avsetjing til plikter</i>			
Andre avsetjingar for plikter	9	137 116	185 414
<i>Øvrig langsiktig gjeld</i>			
Pantelån	7, 13	93 979 940	97 243 740
Sum anna langsiktig gjeld		<u>94 117 056</u>	<u>97 429 154</u>
<i>Kortsiktig gjeld</i>			
Leverandørgjeld		8 843 594	4 901 427
Betalbar skatt	8	0	49 760
Skyldige offentlege avgifter		1 503 882	1 453 865
Sjølvkostfond	10	9 503 000	10 138 000
Anna kortsiktig gjeld	10	3 210 328	2 962 447
Sum kortsiktig gjeld		<u>23 060 804</u>	<u>19 505 498</u>
Sum gjeld		<u>117 177 860</u>	<u>116 934 651</u>
Sum eigenkapital og gjeld		<u>122 592 042</u>	<u>120 966 288</u>

Ulsteinvik, den 20/3-2019

Styret i Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS



George Harold Fulford
Styreleiar



Håkon Vestnes
Nestleiar



Edel Kvalsund Goksøyr
Styremedlem



Ole Andreas Sæther
Styremedlem




Margareth Leinebø
Styremedlem



Einar Heimdal
Dagleg leiar



Truls Røyset Håbakk
Styremedlem



Anne Hølstad
Styremedlem

Kontantstraumoppstilling 2018

Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS

	2018	2017
<i>Kontantstraum fra operasjonelle aktiviteter</i>		
Resultat før skattekostnad	747 546	-2 450 532
Periodens betalbare skatt	-49 760	-261 236
Ordinære avskrivningar	3 586 284	4 271 916
Nedskrivning anleggsmiddel	0	884 427
Endring kundefordringar og opptente inntekter	29 978	2 848 793
Endring leverandørgjeld	3 942 167	-2 783 105
Endring i andre tidsavgrensningspostar	-200 364	907 712
Netto kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter	8 055 851	3 417 975
<i>Kontantstraum fra investeringsaktiviteter</i>		
Utbetaling ved kjøp av varige driftsmidler	-29 078 687	-40 476 729
Utbetaling ved kjøp av aksjar og andelar	-61 571	-54 398
Netto kontantstraum fra investeringsaktiviteter	-29 140 258	-40 531 127
<i>Kontantstraummar fra finansieringsaktiviteter</i>		
Utbetaling avdrag på langsiktig gjeld	-3 263 800	-2 010 070
Innbetaling ved opptak av ny langsiktig gjeld	0	20 000 000
Netto kontantstraum fra finansieringsaktiviteter	-3 263 800	17 989 930
Netto endring i kontantar og kontantekv.	-24 348 207	-19 123 222
Beholdning av kontantar og kontantekv. 1.1.	28 354 033	47 477 255
Beholdning av kontantar og kontantekv. 31.12	4 005 826	28 354 033

Notar til årsrekneskapet 2018

Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS

NOTE 1 REKNESKAPSPRINSIPP

Årsrekneskapen er satt opp i samsvar med reknekaeslova, lov om interkommunale selskap og God rekneskapsskikk for små føretak.

Leiinga har brukt estimat og føresetnadar som har påverka resultatrekneskapen og verdsettinga av eigedelar og gjeld, samt usikre eigedelar og forpliktingar på balansedagen under utarbeiding av årsrekneskapen i samsvar med god rekneskapsskikk.

Inntektsføring ved sal av varer skjer på leveringstidspunktet. Tenester inntektsføres i takt med utføringa.

Anleggsmiddel omfatter eigedelar bestemt til varig eige og bruk. Anleggsmiddel er vurdert til anskaffelseskost. Varige driftsmiddel balanseføres og avskrives over driftsmiddelet si økonomiske levetid.

Varige driftsmiddel nedskrives til gjenvinnbart beløp ved verdifall som forventast ikkje å vere forbigåande. Gjenvinnbart beløp er det høgaste av nettosalverdi og verdi i bruk. Verdi i bruk er nåverdi av framtidige kontantstaumar knytta til eigedelen. Nedskrivninga reverseres når grunnlaget for nedskrivninga ikkje lenger er tilstades.

Omløpsmiddel og kortsiktig gjeld omfattar postar som forfell til betaling innan eit år etter anskaffelsestidspunktet, samt postar som er knytt til varekretslopet. Omløpsmiddel vurderast til lågaste av anskaffelseskost og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld balanseføres til nominelt beløp på opptakstidspunktet.

Kundefordringar og andre fordringar oppføres til pålydande etter frådrag for avsetning til forventa tap. Avsetning til tap gjerast på grunnlag av ei individuell vurdering av dei enkelte fordringane. Legalpanten høyrer til kvar av eigarkommunane og vil tre i kraft dersom ein ikkje klarer å krevje inn gebyra ein har til gode mot hushaldningskundar på vanleg måte.

Selskapet har ei offentlig kollektiv pensjonsordning for sine ansatte. Fra og med 2014 er det valgt å ikkje balanseføre nettoppensjonsforplikting. Innbetalningar til ytelsesbasert pensjonsordning kostnadsføres løpande.

Selskapet er skattepliktig for den del av verksemda som er knytt til næringskundar. Skattekostnaden i rekneskapen omfattar betalbar skatt i perioden.

Driftsmidla si fordeling er gjenstand for årleg revisjon basert på faktisk bruk. På bakgrunn av variasjon i bruk er det valgt å ikkje bokføre utsatt skatt/skattefordel i rekneskapet då denne lar seg vanskeleg berekne.

Verksemda som er knytt opp mot hushaldningskundane er regulert av Forureiningslova. I henhold til Forureiningslova § 34 skal kostnadane for desse kundane dekkast fullt ut gjennom gebyrinntektene. I henhold til retningslinjer for berekning av sjølvkost for kommunale betalingstenester utgitt av Kommunal- og Regionaldepartementet, kan over- eller underskot framføres innanfor eit 3- til 5- års perspektiv for å utjevne svingningar i inntekter og kostnader. Det utarbeidast særskilt sjølvkostrekneskap. I balansen klassifiserast akkumulert over- og underskot henholdsvis som kortsiktig gjeld og kortsiktig fordring.

Rekneskapsprinsippa er for øvrig nærare omtalt i tilhøyrande notar til dei enkelte rekneskapspostane.

Notar til årsrekneskapet 2018

Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS

NOTE 2 LØNSKOSTNADAR, ANTALL ÅRSVERK, GODTGJERSLE M.M.

Lønskostnadar	2018	2017
Løn	15 207 258	14 628 316
Arbeidsgivaravgift	2 571 910	2 459 344
Pensjonskostnadar	1 968 613	1 885 088
Andre lønsrelaterte ytingar	585 988	560 372
Sum	20 333 769	19 533 120

Antall årsverk sysselsatt	32	31
---------------------------	----	----

Ytingar til leiande personar	Daglig leiar	Styret	Repr. skap
Løn	902 876		
Pensjonskostnadar	18 338		
Andre godtgjersler	12 831	290 043	24 188
Sum	934 045	290 043	24 188

Godtgjersle til revisor er fordelt på fylgjande måte:

Lovpålagd revisjon	78 300
Utarbeiding av årsoppgjør	15 825
Utarbeiding av ligningspapirer	10 550
Andre tenester utanfor revisjonen	114 000
Sum (ekskl. mva)	218 675

NOTE 3 PENSJONSKOSTNADAR, -MIDLAR, -FORPLIKTINGAR

Selskapet er forplikta til å ha pensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon.

Selskapet sine pensjonsordningar tilfredsstiller krava i denne lov.

Selskapet har ei offentleg kollektiv pensjonsordning for sine ansatte i KLP Forsikring. Den offentlege tenestepensjonsordninga gir ved full opptening ein alderspensjon som saman med folketrygda sine ytingar utgjer ein samla pensjon på 66% av pensjonsgrunnlaget. Føretaket har også offentleg AFP-ordning for dei ansatte.

Framtidig pensjonspremie vil påvirkast av avkastning, lønsvekst og utvikling i folketrygda sitt grunnbeløp.

Selskapet har pensjonsordningar som omfattar i alt 31 aktive personar og 15 pensjonistar pr 31.12.2018. Ordningane gir rett til definerte framtidige ytingar. Dette er i hovudsak avhengig av antall oppteningsår, lønsnivå ved oppnådd pensjonsalder og storleiken på ytingane frå folketrygda. Forpliktingane er dekkja gjennom eit forsikringsselskap.

Notar til årsrekneskapet 2018

Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS

NOTE 3 PENSJONSKOSTNADAR, -MIDLAR, -FORPLIKTINGAR FORTS.

	2018	2017
Årets pensjonskostnad	1 968 613	1 885 087

Spesifikasjon av pensjonsforpliktingar:

	2018	2017
Berekna pensjonsforpliktingar pr 31.12.	28 782 631	26 609 030
Pensjonsmidlar (til marknadsverdi) pr 31.12	-21 007 883	-19 962 547
Ikkje resultatført verknad av estimatavvik	-4 315 637	-3 444 767
Arbeidsgiveravgift	1 096 239	937 154
Netto pensjonsforpliktingar (ikkje balanseført)	4 555 350	4 138 870

De aktuariemessige føresetnadane er basert på vanlege nytta føresetnader innan forsikring når det gjeld demografiske faktorar.

NOTE 4 BUNDNE MIDLAR

Av bankinnskott vedrører kr 768 271,- innskott på skattetrekksskonto.

NOTE 5 VARIGE DRIFTSMIDLAR - FINANSIERING

	Tomter, bygningar m.m.	Maskiner, anlegg, bilar, m.m.	Driftsløsøre, inventar, kontorm.	Sum
Anskaffingskost 1.1	89 359 997	23 970 537	11 289 094	124 619 628
Tilgang kjøpte driftmidlar	25 067 885	1 874 782	3 218 300	30 160 967
Avgang til anskaffingskost	-	-	-	-
Anskaffingskost 31.12	114 427 882	25 845 319	14 507 394	154 780 595
Akkumulerte avskrivningar pr. 31.12	-15 116 457	-13 716 098	-8 537 952	-37 370 507
Akkumulerte nedskrivningar pr. 31.12	-1 505 949	-1 091 094	-1 918 350	-4 515 393
Bokført verdi pr. 31.12.	97 805 476	11 038 127	4 051 094	112 894 697
Årets avskrivningar	1 797 837	1 210 881	577 566	3 586 284
Årets nedskrivningar	-	-	-	-
Økonomisk levetid	0-50 år	3-10 år	5-10 år	
Avskrivningsplan	Lineær	Lineær	Lineær	

Notar til årsrekneskapet 2018

Søre Sunnmøre Reinholdsverk IKS

NOTE 5 VARIGE DRIFTSMIDLAR - FINANSIERING, FORTS.

Langsiktig finansiering pr. 01.01.	97 243 740
Betalte avdrag i år	-3 263 800
Langsiktig finansiering pr. 31.12.	93 979 940

NOTE 6 LEIGE DRIFTSMIDLAR

Løpande leasingavtalar på vesentlege driftsmiddel pr 31.12.:

Type	Avtala inngått	Avtala utgår	Årets kostnad
Volvo lastebil UF 69870	des. 15	des. 20	348 733
Volvo lastebil UF 69932	des. 15	des. 20	349 993
Volvo krokobil UF 70559	mar. 16	mar. 21	393 065
Scania lastebil UF 74479	jan. 17	jan. 22	350 348
Scania lastebil UF 74781	jan. 17	jan. 22	350 348
Gravemaskin avt.nr.80959039	apr. 17	apr. 22	404 024
Opel Movano UN38004	apr. 18	apr. 23	81 319
Man lastebil UF78770	jan. 18	jan. 23	370 711
Man lastebil UF78771	jan. 18	jan. 23	359 842
Mercedes Ategon UF79300	feb. 18	feb. 23	237 139
Hjullaster Hitachi ZW 150-6	aug. 18	aug. 23	136 609
Containere	jan. 18	jan. 23	124 409
Sum			3 506 540

Det er ikkje forskuddsleige for nokon av leigeobjekta.

NOTE 7 LANGSIKTIG GJELD

Gjeld som forfell meir enn 5 år etter reknenskapsårets slutt :

	2018	2017
Gjeld til kredittinstitusjonar	77 660 940	80 924 740
Sum	77 660 940	80 924 740

Notar til årsrekneskapet 2018

Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS

NOTE 8 SKATTAR

Selskapet er skattepliktig for den del av verksemda som er knytta til næringskundar.

Selskapet har ingen midlertidige forskjeller pr 31.12.18.

Nedanfor er det gitt ein spesifikasjon over forskjellen mellom det rekneskapsmessige resultat før skattekostnad og årets skattegrunnlag.

	2018	2017
Skattemessig underskot til framføring	-100 113	-
Utsett skattefordel	22 025	-
Anvendt skattesats	22 %	23 %

Utsett skattefordel er ikkje balanseført i henhold til God Regnskapsskikk for små foretak.

	2018	2017
Resultat næringsverksemd før skattekostnad	297 410	226 482
Permanente forskjellar	-397 523	-19 150
Årets skattegrunnlag	-100 113	207 332

Skattekostnaden i rekneskapet består av følgende poster:

	2018	2017
Betalbar skatt	-	49 760
Årets skattekostnad	-	49 760

Notar til årsrekneskapet 2018

Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS

NOTE 9 AVSETNING FOR FRAMTIDIGE FORPLIKTINGAR FOR DEPONI

Selskapet har i henhold til Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall § 9-15, forpliktingar knytta til framtidige miljøkrav relatert til sikring av deponi og anlegg, i ein periode etter at verksemda ved deponiet er avvikla. Selskapet har slike forpliktingar knytta til det nedlagte deponiet på Eidet i Hareid kommune.

Selskapet har økonomisk verksemd på deponiområdet, denne verksemda er ikkje på sjølve deponiet, men kun på deponiområdet. Verksemda omfattar ein del verksemd knytta til handtering av rejectvatn frå slamtøming og handtering av hage- og greinavfall for kommunane Hareid og Ulstein. Inntektene frå denne verksemda, saman med tidlegare avsetning, er pr. 31.12. kalkulert til å vere nok til å dekke kostnadene med etterdrifta av deponiet fram til 2039. Det kan vere naturleg å føreta ein etterkalkulasjon om nokre år.

	2018	2017
Avsetning frå tidlegare år	185 414	146 063
Medgatte kostnadar i året	-138 298	-50 649
Auka avsetning i året	90 000	90 000
Avsetning 31.12.	137 116	185 414

Notar til årsrekneskapet 2018

Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS

NOTE 10 SJØLVKOSTFOND OG MELLOMREKNING MOT EIGARANE

Sjølvcostfondet pr. 31.12.2018 er positivt med kr 9 482 000,-. Ved berekning av sjølvcostfondet er inntekter og kostnader i reknekapet fordelt mellom hushaldning og næring og gjenspeilar aktiviteten mellom dei to verksemdsområda.

	Sjølvcost- fond slam	Sjølvcost- fond hush.avfall	Sjølvcost- fond totalt
Sjølvcostfond 01.01.	26 000	10 112 000	10 138 000
<i>Årets endring i sjølvcostfond</i>			-
Årets resultat overført til sjølvcostfond	-5 000	-630 000	-635 000
Sjølvcostfond 31.12.	21 000	9 482 000	9 503 000

Slamhandsaming vert utført på vegne av alle eigarkommunene. Inntekter og utgifter knytta til handtering av slam skal inngå i eit eiga sjølvcostområde i kvar av kommunane. Årets over-/underinndekking er difor overført til fordring / gjeld mot Herøy og Sande og utgjør pr 31.12. kr 91 334,- (eks. mva) og inngår i anna kortsiktig fordring. Fra og med 01.01.2017 har SSR ansvar for sjølvcostfond for denne tenesta i Ulstein og Hareid.

Resten av anna kortsiktig gjeld består hovudsakleg av opptente, ikkje utbetalte feriepengar og andre påløpte kostnader.

NOTE 11 EIGENKAPITAL

	Annan eigenkapital	Sum
Eigenkapital 01.01.	4 031 637	4 031 637
<i>Årets endring i eigenkapital</i>		
Årets resultat etter overføring sjølvcostfond	1 382 546	1 382 546
Eigenkapital 31.12.	5 414 183	5 414 183

Notar til årsrekneskapet 2018

Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS

NOTE 12 INNSKOTSKAPITAL OG EIGARINFORMASJON

Selskapets eigarfordeling pr. 31.12.:

Deltakar	Eigarandel	Stemmeandel
Herøy kommune	36,16 %	36,36 %
Ulstein kommune	32,41 %	27,27 %
Hareid kommune	20,71 %	18,18 %
Sande kommune	10,72 %	18,18 %
Totalt	100,00 %	100,00 %

Stemmeandel gjeld representantskapet som er selskapets øverste organ.

Selskapet har ingen innbetalt innskotskapital.

Representantskapet utgjør 11 medlemmar, 2 frå Hareid, 4 frå Herøy, 3 frå Ulstein og 2 frå Sande.

I følge selskapsavtala § 4 skal kvar kommune ha eit medlem for kvar påbegynt 2 500 innbyggjar, medan alle kommunene skal minst ha 2 medlemmar.

NOTE 13 GARANTJAR

I samsvar med selskapsavtala er deltakarkommunene Hareid, Herøy, Ulstein og Sande utad ansvarleg for selskapet sine samla forpliktingar i forhold til sine respektive eigarandeler.

NOTE 14 FINANSIELL MARKNADSRISIKO

Selskapet nyttar seg ikkje av finansielle instrumenter med styringa av finansiell risiko.

Renterisiko

Renterisiko oppstår på kort og mellomlang sikt som eit resultat av at selskapets gjeld har flytande rente.

Melding frå uavhengig revisor

Til generalforsamlinga i Søre Sunnmøre Reinholdswerk IKS

Fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert Søre Sunnmøre Reinholdswerk IKS sin årsrekneskap.

Årsrekneskapet er samansett av:

- Balanse per 31. desember 2018
- Resultatrekneskap for 2018
- Oppstilling over endringar i eigenkapital
- Kontantstraumane for rekneskapsåret som vart avslutta per 31. desember 2018
- Notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining:

Er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisande bilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2018, og av resultatata og kontantstraumane for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen. Vi er uavhengige av selskapet slik det er krav om i lov og forskrift, og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Annan informasjon

Leiinga er ansvarleg for annan informasjon. Annan informasjon består av årsmelding/eigarmelding, men inkluderer ikkje årsrekneskapen og revisjonsmeldinga.

Vår fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje annan informasjon, og vi attesterer ikkje den andre informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese annan informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom denne og årsrekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om den tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon.

Dersom vi konkluderer med at annan informasjon inneheld vesentleg feilinformasjon er vi pålagde å rapportere det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, og for at den gir eit rettvísande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er òg ansvarleg for nødvendig internkontroll for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta og på tilbørleg måte opplyse om forhold av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som gir uttrykk for meininga vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom den, åleine eller samla, innanfor rimeleg grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

For vidare omtale av revisor sine oppgåver og plikter viser vi til:
<https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

Utsegn om andre lovmessige krav

Konklusjon om registrering og dokumentasjon


Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Andre tilhøve

Budsjettala for 2018 som er presenterte i resultatrekneskapen er ikkje reviderte.

Ulsteinvik, 20.03.2019

BDO AS



Einar Giljarhus Løkken
statsautorisert revisor

MØTEBOK - REPRESENTANTSKAPET

SAK NR R04/19

Møtedato: 23.05.2019

Sakshandsamar: Einar Heimdal

Sak R04/19 – GODKJENNING AV EIGARMELDING 2018

Det er ikkje lenger krav om ei formell årsmelding frå styret, men styret har likevel valgt å utarbeide ei årsmelding som ein del av rekneskapet. Selskapet sine styringsdokument (jfr. eigarstrategien punkt 5.1) slår fast at styret skal utarbeide ei eigarmelding. Denne skal behandlast av representantskapet og deretter leggjast fram for eigarkommunane. Årsmeldinga omfattar difor også ei eigarmelding, sidan begge meldingane inneheld mykje av den same informasjonen.

Eigarmeldinga skal rapportere i høve til gjeldande eigarstrategi og selskapet sin strategi. Eigarmeldingane skal primært vise i kva grad selskapet oppyller eigarane sine forventningar og selskapet sine egne mål, gi informasjon om planlagde endringar i tenestetilbodet, samt vesentlege endringar i kostnadsnivået for selskapet.

Styret si tilråding til vedtak:

Representantskapet tar SSR si eigarmelding for 2018 til vitande, og ber om at meldinga blir oversendt til eigarkommunane.

Vedtak, samr.:

Søre Sunnmøre Reinholdswerk IKS (SSR)

Org.nr. 987 570 970

ÅRSMELDING / EIGARMELDING 2018

Det er ikkje lenger krav om ei formell årsmelding frå styret, men styret har likevel valgt å utarbeide ei årsmelding som ein del av rekneskapet. Selskapet sine styringsdokument slår fast at styret skal utarbeide ei eigarmelding. Denne skal behandlast av representantskapet og deretter leggst fram for eigarkommunane. Årsmeldinga omfattar difor også ei eigarmelding, sidan begge meldingane inneheld mykje av den same informasjonen.

1. Eigarforhold, selskapsform og formål

Søre Sunnmøre Reinholdswerk IKS (SSR) er organisert som eit interkommunalt selskap. Selskapet er eigd av kommunane Hareid, Herøy, Sande og Ulstein.

Selskapet skal oppfylle kommunane sine plikter knytta til hushaldningsavfall etter forureiningslova og gjeldande selskapsavtale. Dette inneber at SSR skal ivareta dei praktiske oppgåvene og pliktene rundt avfallshandtering og slam som kommunane er pålagde i forureiningslova. SSR skal også bidra til å bevare eit fysisk miljø i regionen som er reint og helsemessig forsvarleg. SSR forvaltar og driftar ei lovpålagd verksemd på vegne av eigarkommunane. Denne verksemda er i stor grad underlagt nasjonale og internasjonale krav. Dette er rammebetingelsar som selskapet i lita grad kan påverke.

SSR utøver si verksemd med utgangspunkt i Saunesmarka i Ulstein kommune, men utfører elles det praktiske arbeidet med innhenting av avfall over heile området.

Selskapet skal oppfylle eigarane sine forventingar til kostnadseffektiv leveranse av tenester innan miljø og avfall. Selskapet sine strategiske mål er mellom anna knytt til økonomi, miljømål og kundetilfredsheit. Selskapet legg også vekt på å balansere målstyring og ønskjer å optimalisere forholdet mellom miljø, abonnentar og kostnader.

Selskapet sine strategiske mål er:

- Selskapet skal stå for miljøretta innsamling, mottak, sortering, omlasting, transport og gjenvinning av avfall frå hushaldningar.
- Selskapet skal forvalte enkle, brukarvennlege og kvalitetsmessig tilfredsstillande løysingar for abonnentane.
- Selskapet skal søke å realisere nasjonale miljømål og eigarane sine lokale miljømål og klimaplaner.
- Selskapet skal vere ein synleg samfunnsaktør som gjennom kommunikasjon skal vere ein tydeleg haldningsskapar i avfalls-, miljø- og klimarelaterte spørsmål i eigarkommunene.

God kundetilfredsheit og godt omdøme er viktig for SSR. Gjennom selskapet sin kommunikasjonsstrategi, med grunnlag i eigarstrategi og strategisk plan, er målet mellom anna å formidle kunnskap om kjeldesortering og kor hen avfallet hamnar – i tillegg til å formidle kunnskap om avfall som ressurs. Dette er nødvendig for å realisere stadig aukande nasjonale krav til innsamling og behandling av avfall. Avfall er sentralt i den nye sirkulære økonomien – i «det grønne skiftet».

2. Representantskap

Representantskapet består av politisk valgte representantar frå kvar av dei fire eigarkommunane. Knut Erik Engh er leiar av representantskapet. Det har vore 2 møter i representantskapet i 2018. Selskapet har, utover formelle møter, løpande og god kontakt med selskapet sine eigarar.

3. Styringsdokument

Styret legg til grunn tre sentrale styrande dokument for arbeidet sitt:

- Selskapsavtale
- Eigarstrategi
- Selskapsstrategi

Eigareldinga skal rapportere i forhold til gjeldande eigarstrategi og selskapsstrategi, og gi informasjon om planlagde endringar i tenestetilbodet, nasjonale føringar, samt vesentlege endringar i kostnadsnivået for selskapet.

4. Styret si samansetting

Styret har i 2018 bestått av:

George Fulford, styreleiar
Håkon Vestnes, nestleiar
Edel Kvalsund Goksøyr, styremedlem
Margareth Leinebø, styremedlem
Truls Håbakk, styremedlem
Anne Holstad, styremedlem
Ole Andreas Sæther, styremedlem, valgt av og blant dei tilsette

Det har vore 8 styremøter og 51 saker er behandla i 2018.

5. Arbeidsmiljø og likestilling

Selskapet sysselsette i 2018 vel 32 årsverk. Dette er fordelt på 28 fast tilsette og vel fire årsverk for å dekke opp for sjukdom, ferie og anna fråver. I desse tala ligg det også inntak av midlertidig arbeidskraft på grunn av tidvis store avfallsmengder, ferieavvikling, etc. Den daglege drifta er underlagt dagleg leiar Einar Heimdal.

SSR har i 2018 kjøpt bedriftshelsetenester hos Medi 3. Disse er, ved behov, involvert i arbeidet med endringar og forbetringar saman med og i dialog med leiinga og tillitsvalde / verneombod – i tillegg til det vanlege bedriftshelsetenestearbeidet.

Totalt sjukefråver utgjer 5,08 % (5,27 % i 2017). 2,69 % (1,86 % i 2017) av dette er korttidsfråver (eigenmeldingar). Langtidsfråveret er på 2,39 % (3,41 % i 2017). SSR har i 2018 ikkje hatt alvorlege personskader knytta til selskapet si verksemd. Styret vurderer situasjonen som tilfredsstillande, men vil likevel følgje utviklinga nøye.

Selskapet arbeider kontinuerleg med kompetanseutvikling av selskapet sine medarbeidarar. Selskapet legg til grunn at det skal vere likestilling mellom kjønna og det blir praktisert lik lønn for likt arbeid, der ein tek omsyn til alder og erfaring. Av styret sine 7 medlemmer er 3 kvinner. Av selskapet sine 7 tilsette i administrasjonen er 4 kvinner. Det er ei målsetting at det skal vere full likestilling mellom kvinner og menn i SSR. Renovasjonsarbeidet har tradisjonelt vore eit mannsdominert yrke, spesielt ute på bilane, og dette har ført til at delen kvinner der ikkje er så stor som ein kunne ønske. Styret ønskjer å auke kvinneandelen også på innhentingdelen. Det er ikkje satt i verk spesielle tiltak i samband med likestilling.

6. Selskapet si verksemd i 2018

I dei 4 eigarkommunane er det godt over 25 000 innbyggjarar, vel 11 000 privatabonnentar, 35 returpunkt for glas- og metall (der fleire av desse returpunkta har fleire glasigloar) og 4 miljøstasjonar.

SSR syter sjølv for produksjon av tenestene og har bygd opp eit renovasjonstilbod til husstandane. Dette er selskapet si kjerneverksemd. Ansvar for renovasjon omfattar miljøretta innsamling, sortering, omlasting, transport og avsetnad av hushaldningsavfall i eigarkommunane frå husstandar, returpunkt og miljøstasjonar.

Selskapet sitt tilbod omfattar også innsamling, transport og avsetnad av næringsavfall i avgrensa omfang. Denne tenesta inneber ein gunstig påverknad på selskapet si verksemd og medverkar til at selskapet når dei strategiske måla sine. Dette medfører lågare priser for tenestene, ikkje minst på grunnlag av meir effektiv bruk av selskapet sine driftsmiddel. I tillegg er det viktig å nemne at ein del av næringsverksemda er selskapet lovpålagd å utføre og at mange næringskundar ønskjer å ha SSR som leverandør.

Styret har også i 2018 arbeidd med å kvalitetssikre og utvikle kjerneverksemda.

7. Kundefokus og brukarvennlegheit

Selskapet legg stor vekt på at tenestetilbodet skal vere brukarvennleg, slik at det skal vere enklast mogleg for innbyggjarane å kjeldesortere og ta miljøvennlege val. Tenestetilbodet i SSR fungerer generelt sett godt, og dei fleste innbyggjarane er flinke til å kjeldesortere. Selskapet meiner likevel at det fortsatt er eit potensial for endå betre sortering i hushaldningane, og driv difor med løpande kampanjar og haldningsskapande arbeid.

Før jul i 2018 starta selskapet med innhenting av våtorganisk avfall (matavfall) som eigen fraksjon. I løpet av sommaren 2019 skal alle innbyggjarane ha fått dette tilbodet.

Undersøkingar syner at slike forbetringar i tenestetilbodet, saman med nye miljøstasjonar, kan bidra til auka sortering og dermed betre miljøgevinst.

I tråd med samfunnsutviklinga og myndigheitene sin politikk, legg selskapet opp til aukande bruk av elektronisk kommunikasjon med kundane. Bruk av papirbasert kommunikasjon blir forsøkt redusert tilsvarende. Kjeldesorteringsskalendaren på papir er avvikla og erstatta med web og mobiltelefonbaserte løysingar. Ei enkel papirbasert oversikt blir tilbode til brukarar som ikkje nyttar de elektroniske løysingane.

Å få fram kva avfallet blir til og den store miljøgevinsten ved gjenvinning, er noko selskapet heile tida jobbar med å kommunisere ut til innbyggjarane. Det er avgjerande for motivasjonen til kundane at dei kjenner til heile gjenvinningsprosessen og at dei bidrar til ein stor miljødugnad ved å kjeldesortere. Det skaper også meir forståing for det oppdraget og det arbeidet selskapet gjer.

8. Samfunnsansvar

Selskapet opptår ansvarleg innanfor område som arbeidsgivarpolitikk, etikk, innkjøp og deltaking i kunnskapsutvikling og utviklingstiltak, samt arbeidstakarrettigheter og antikorrupsjon. Selskapet arbeider aktivt for å fremje likestilling, sikre like moglegheiter og rettigheter, og dermed hindre diskriminering. Selskapet ønskjer på denne måten å oppfylle diskrimineringslova sin intensjon og formålet der, så langt som selskapet kan påverke dette.

Selskapet legg vekt på å bruke leverandørar som fremjar høg etisk bevisstheit. Inngåtte kontraktar blir tett følgde opp for å unngå at sosial dumping føregår hos leverandørane våre. Selskapet har internkontrollsystem som skal søke å førebygge korrupsjon og mislegheiter, og leiarar skal gå føre og varsle om kritikkverdige tilhøve. Elles skal alle beslutningar gjerast på grunnlag av best muleg ressursbruk.

Selskapet har utarbeidd etiske retningslinjer.

9. Økonomi

Føresetnaden for vidare drift er til stades og årsrekneskapet for 2018 er satt opp under denne føresetnaden. Selskapet driv miljøretta innsamling, transport og sortering av avfall frå hushaldningar. Denne delen av verksemda blir gjennomført til sjølvkost, og overskot eller underskot på hushaldningsdelen skal førast mot sjølvkostfondet.

Vidare driv selskapet avgrensa og tilsvarende verksemd mot næringslivet, der dette er hensiktsmessig for å realisere selskapet sine strategiske mål. Omfanget av næringskundar omfattar etter styret si vurdering ingen økonomisk risiko av betydning. Rekneskapsføring knytta til næringskundar vert halde åtskilt frå sjølvkostrekneskapet for hushaldningkundar. Det same gjeld for den delen som handlar om slamtøming.

Styret er tilfredse med drifta i 2018.

Økonomiske hovudtal frå rekneskapet i 2018:

Drift: Inntekter hushaldning, næring og slam:	kr 47 676 771
Drift: Kostnader hushaldning, næring og slam:	<u>kr 46 929 225</u>
Overskot i 2018:	<u>kr 747 546</u>

Overskotet er fordelt slik:

Overskot hushaldning (før rentejusteringar og sjølvkostberekningar):	kr 455 000
Overskot næring:	kr 297 000
Underskot slam:	kr 5 000 -

Hushaldningsrenovasjon – sjølvkostfondet:

Overskot hushaldning (før rentejusteringar og sjølvkostberekningar):	kr 455 000
Underskot etter rentejusteringar og sjølvkostberekningar:	kr 630 000 -
Rentejustert sjølvkostfond pr. 31. desember 2018:	<u>kr 9 482 000</u>

Slam – Ulstein og Hareid:

Underskot slam, Ulstein og Hareid:	kr 5 000 -
Sjølvkostfond for slamkundar i Ulstein og Hareid pr. 31.12.2018:	<u>kr 21 000</u>

Næring – eigenkapital:

Overskot næring:	kr 297 000
Renter, etc. og overskot frå næring til anna eigenkapital:	kr 1 382 546
Eigenkapitalen pr. 31. desember 2018:	<u>kr 5 414 183</u>

Etter styret si oppfatning gir det framlagde resultatrekneskapet og balanse med tilhøyrande notar god informasjon om drifta og stillinga ved årsskiftet. Styret vurderer at selskapet si økonomiske og finansielle stilling er tilfredsstillande. Styret meiner at årsrekneskapet gir eit rett bilde av selskapet sine eigedelar og gjeld, finansielle stilling og resultat.

Styret meiner at den forretningsmessige og finansielle risikoen for selskapet si verksemd er lav. Det er då også lagt vekt på selskapsforma som inneber at selskapet sine eigarar har ansvar for selskapet sine plikter.

Det har ikkje oppstått forhold etter årsskiftet som har betydning for bedømminga av årsrekneskapet for 2018.

10. Framtidsutsikter og planlagde endringar

Strategisk plan er eit viktig verkemiddel i arbeidet med å realisere selskapet sine målsettingar og eigarane sine forventningar. I denne planen er nasjonale og internasjonale føringar tillagt stor vekt, samt at det er eit ønske om å synleggjere krav til selskapet med omsyn til effektivitet, kundetilfredsheit og miljø.

Selskapet vil også ytterlegare styrke arbeidet med å vere ein positiv samfunnsaktør innan det miljøretta arbeidet. Dette er mellom anna tenkt gjennom vidare satsing på informasjon og gjennom samarbeid med eigarkommunane om viktige miljøtiltak. Mellom anna ser ein at tema som marin forureining og anna lokal forureining er viktige område framover.


Selskapet vil i 2019 slutføre innføringa av innhenting av matavfall / våtorganisk avfall. I juli 2019 skal alle sonene vere i gang med denne innsamlinga. Arbeidet er krevande, og det har stilt - og stiller - store krav til kapasitet, prosjektstyring og kostnadseffektivitet. Styret konstaterer at selskapet også kompetansemessig står godt rusta til å gjennomføre dette på ein tilfredsstillande måte.

Etter at miljøstasjonane er i full drift og innsamlinga av matavfall er i full gang, vil det bli andre utfordringar framover. Arbeidet framover vil handle om møglege nye fraksjonar som kan sorterast ut på miljøstasjonane, meir informasjon og kommunikasjon internt og eksternt, og - ikkje minst - forureiningsproblematikken i naturen. I tillegg kjem utfordringar med moderne nedstraumsløysingar til å vere eit fokusområde i tida framover.

11. Arbeidsåret 2018

Styret vil rette ein stor takk til selskapet sine medarbeidarar. 2018 har, i periodar og som tidlegare år, vore krevande for dei tilsette på grunn av høge krav til omstilling og effektivitet - og også fordi verksemda berører og engasjerer mange.


Ulsteinvik, 20. mars 2019


George Fulford
styreleiar


Håkon Vestnes
nestleiar


Edel Kvalsund Goksøyr


Margareth Leinebø


Truls Håbakk


Anne Holstad


Ole Andreas Sæther


Einar Heimdal
dagleg leiar

3 vedlegg:

1. Måloppnåing vedr. avfallsmengder 2018 på hushaldning.
2. Utvikling i sjukefråveret.
3. Klimarekneskap 2018.

Vedlegg 1: MÅLOPPNÅING VEDR. AVFALLSMENGDER 2018 PÅ HUSHALDNING

EU (og dermed også Norge) sine mål for materialgjenvinning (eller høgare i hierarkiet):

2020: <u>50 %</u>	2025: <u>55 %</u>	2030: <u>60 %</u>	2035: <u>65 %</u>
-------------------	-------------------	-------------------	-------------------

SSR sine tal for 2018:

Nedstrømsløysing:	2018 i tonn:	2018 i prosent:	2017 i tonn:	2017 i prosent:
Ombruk / gjenbruk	255 tonn	2,7 %	225 tonn	2,4 %
Bioenergi	738 tonn	7,7 %	0 tonn	0 %
Materialgjenvinning	4578 tonn	48 %	4681 tonn	50,8 %
Energigjenvinning	3761 tonn	39,4 %	4135 tonn	44,9 %
Deponi	214 tonn	2,2 %	177 tonn	1,9 %
Hushaldningsavfall totalt	9546 tonn	100 %	9218 tonn	100 %
Materialgjenvinning eller høgare i hierarkiet:	5571 tonn	58,4 %	4906 tonn	53,2 %

Ombruk/gjenbruk: T.d. at klede, sko, ski, sykler, møblar, etc. blir brukt oppatt i staden for å bli kasta.

Bioenergi: Avfall som går til produksjon av biogass og flisfyring. Gjeld ikkje biodiesel.

Materialgjenvinning: Plast blir til plast, metall blir til nye metallprodukt, etc.

Energigjenvinning: Avfall blir brent for å produsere fjernvarme og elektrisitet.

Deponi: Avfall som går til deponering, t.d. asbest.

Kundetilfredsheit:

2012: 62 %	2013: 67 %	2014: 66 %	2015: 70 %	2016: 73 %	2017: 73 %	2018: 74 %
2019:	2020:	2021:	2022:	2023:	2024:	2025:

Målet er at grada av kundetilfredsheit skal auke for kvart år framover.

Vedlegg 2: UTVIKLING I SJUKEFRÅVERET

Utviklinga i sjukefråveret har vore slik siste åra:

År:	Totalt sjukefråver:	Korttidsfråver:	Langtidsfråver:
2012	9,56 %	2,45 %	7,11 %
2013	12,29 %	2,25 %	10,04 %
2014	9,11 %	2,05 %	7,06 %
2015	6,79 %	1,90 %	4,89 %
2016	7,30 %	2,03 %	5,27 %
2017	5,27 %	1,86 %	3,41 %
2018	5,08 %	2,69 %	2,39 %

Vedlegg 3: KLIMAREKNESKAP 2018

Kontordrifta i SSR forureinar ikkje det ytre miljøet. Selskapet si øvrige verksemd forureinar i avgrensa grad det ytre miljøet. Som ansvarleg for å levere renovasjonstenester til over 11 000 husstandar er det eit betydeleg transportinnslag i dette arbeidet. Selskapet prøver å legge opp gode og rasjonelle transportløysingar der miljøomsyn er tillagt stor vekt. Sluttbehandling av den totale innsamla avfallsmengda skjer på ein miljømessig forsvarleg måte, og etter gjeldande lover og reglar på området.

Gjennom aktivt å søke å realisere dei generelle miljømåla som eigarar og samfunn set for selskapet si verksemd, mellom anna ved systematisk å vidareutvikle ei moderne ordning for kjeldesortering, meiner styret at gjeldande krav til miljø og forureining er tatt hand om.

Klimarekneskapet på neste side.

Hushaldning:

Totalt 9431 tonn avfall (inkluderer ikkje næring, 35 tonn med matavfall, 60 tonn på heimekompostering og 20 tonn til ombruk innlevert på gjenbrukstorget på miljøstasjonane). Vi reknar 25 184 innbyggjarar i dei fire kommunane pr. utgangen av 4. kvartal 2018.

Tabell: Totalt utslepp og CO₂-reduksjon i SSR 2018, hushaldning:

	Totalt klimautslepp (tonn CO ₂)		Per innbyggjar (kg CO ₂ / innb.)	
	2017	2018	2017	2018
Utslepp frå transport	573	584	23	23
Utslepp frå forbrenning	2861	2637	114	105
CO₂-red. frå forbrenning	-2 007	-2172	-80	-86
CO₂-red. frå gjenvinning	-7 272	-7268	-289	-289
Total CO₂-reduksjon	-5 845	-6219	-232	-247

Utslepp frå transport (sjå tabell) bidreg til eit relativt lite utslepp på totalt 584 tonn CO₂-ekvivalentar.

Det største utsleppet kjem frå forbrenning av avfall (2637 tonn CO₂-ekvivalentar).

Sparing av miljøet kjem ved energi frå energigjenvinning som erstattar alternative energikjelder (2172 CO₂-ekvivalentar), materialgjenvinning og ombruk som erstattar framstilling av alternative ressursar (7268 CO₂-ekvivalentar).

For utsorterte fraksjonar er gevinsten gjennomsnittleg på 1,306 tonn CO₂ per tonn avfall.

For restavfallet og grovavfallet er det eit netto utslepp på 0,197 tonn CO₂ per tonn avfall.

Forts.

Totalt, inkl. næring:

Totalt 11 168 tonn avfall (inkluderer ikkje matavfall 468 tonn fordelt på næring og hushaldning, 60 tonn på heimekompostering eller 20 tonn til ombruk innlevert på gjenbrukstorget på miljøstasjonane). Vi reknar 25 184 innbyggjarar i dei fire kommunane pr. utgangen av 4. kvartal 2018.

Tabell: Totalt utslepp og CO₂-reduksjon i SSR 2018. Tala inkluderer både hushaldning og næring:

	Totalt klimautslepp (tonn CO ₂)		Per innbyggjar (kg CO ₂ / innb.)	
	2017	2018	2017	2018
Utslepp frå transport	580	594	23	24
Utslepp frå forbrenning	3 671	3442	146	137
CO ₂ -red. frå forbrenning	-2 487	-2616	-99	-104
CO ₂ -red. frå gjenvinning	-8 002	-8221	-318	-326
Total CO ₂ -reduksjon	-6 237	-6801	-248	-270

Utslepp frå transport (sjå tabell) bidreg til eit relativt lite utslepp på totalt 594 tonn CO₂-ekvivalentar.

Det største utsleppet kjem frå forbrenning av avfall (3442 tonn CO₂-ekvivalentar).

Sparing av miljøet kjem ved energi frå energigjenvinning som erstattar alternative energikjelder (2616 CO₂-ekvivalentar), materialgjenvinning og ombruk som erstattar framstilling av alternative ressursar (8221 CO₂-ekvivalentar).

For utsorterte fraksjonar er gevinsten gjennomsnittleg på 1,350 tonn CO₂ per tonn avfall.

For restavfallet og grovavfallet er det eit netto utslepp på 0,188 tonn CO₂ per tonn avfall.

MØTEBOK - REPRESENTANTSKAPET

SAK NR R05/19

Møtedato: 23.05.2019

Sakshandsamar: Einar Heimdal

Sak R05/19 – VAL AV REVISOR OG GODKJENNING AV HONORAR TIL REVISOR ETTER REKNING

Etter vedtak i representantskapet i fjor (sak R05/2018), vart BDO AS vald som revisor for SSR for åra 2018, 2019, 2020 og 2021. Dette vedtaket vart gjort etter ein gjennomført anbodskonkurranse vinteren 2018.

Det er i 2018 kostnadsført kr 104.675 (ekskl. mva.) for lovpålagd revisjon, utarbeiding av årsoppgjeret og utarbeiding av likningspapira. For andre tenester utanfor revisjonen er det fakturert kr 114.000 (ekskl. mva.) – jfr. note 2 i rekneskapet. Andre tenester gjeld hovudsakleg kvalitetssikring av fordelingsnøklar, rekneskapsmessig rådgiving, arbeid med selskapskontrollen, deltaking i diverse møter og ein del mindre saker. Av desse er arbeid med selskapskontrollen den desidert største posten.

Styret si tilråding til vedtak:

1. Representantskapet godkjenner honorar til revisor etter rekning for 2018, med kr 104.675 (ekskl. mva.) for ordinære revisjonstenester og kr 114.000 (ekskl. mva.) for andre tenester.
2. Representantskapet godkjenner at BDO AS blir vald som revisor for SSR også for rekneskapsåra 2019, 2020 og 2021.

Vedtak, samr.:

MØTEBOK - REPRESENTANTSKAPET

SAK NR R06/19

Møtedato: 23.05.2019

Sakshandsamar: Einar Heimdal

Sak R06/19 –

STYREVAL OG FASTSETTING AV STYREGODTGJERSLE

Valkomitéen i representantskapet skal fremje eventuelle kandidatar i representant-skapsmøtet. I valkomitéen sit Anders Riise (leiar), Magne Gurskevik, Dag Vaagen og Solveig Båtsvik.

Representantskapet gjorde følgande val i 2018:

- George Fulford (vald for 1 år, på val i 2019, vald som styreleiar til 2019)
- Håkon Vestnes (ikkje på val, på val i 2020, tidl. vald som nestleiar til 2020)
- Edel K. Goksøyr (på val i 2019)
- Margareth Leinebø (ikkje på val, på val i 2020)
- Truls Håbakk (ikkje på val, på val i 2020)
- Anne Holstad (på val i 2019)
- Ole Andreas Sæther (tilsette sin representant i styret – eigne val)

Godtgjersla til styret var følgande i 2018:

- Styreleiar blir honorert med kr 80.440 fast per år. Arbeid utover normalt arbeid som styret sin leiar blir honorert etter avtale med selskapet.
- Styret sine medlemmer elles blir honorert med kr 40.220 fast per år.
- Styret sin tilsettvalgte medlem blir honorert med kr 11.491 fast per år.

I 2018 gjorde representantskapet vedtak om å auke styresatsane i takt med kommunal deflator (som vart sett til 2,6 % i 2018). Pris- og lønnsveksten i kommunesektoren i 2019 (kommunal deflator) er anslått til 2,8 % (i flg. Statsbudsjettet for 2019). Lønnsveksten, som tel knapt 2/3 av deflatoren, er bereikna til 3,25 % i 2019 (gj.sn. av anslag frå SSB og Norges Bank).

Forts.

Ut i frå saka sin natur kjem ikkje styret med tilråding i denne saka.

Valkomitéen si tilråding er lagt ved eller blir delt ut på møtet.

Vedtak, samr.:

MØTEBOK - REPRESENTANTSKAPET

SAK NR R07/19

Møtedato: 23.05.2019

Sakshandsamar: Einar Heimdal

Sak R07/19 – Strategisk plan for SSR 2019 – 2022

Vedlagt finn de følgande:

- Utkast til ny strategiplan for SSR for perioden 2019 – 2022.

Utkastet til ny strategiplan har bakgrunnen sin i fleire strategimøter og styremøter. Den peikar ut vegen vidare for selskapet i ei tid der sirkulær økonomi blir stadig viktigare, og forbruk og avfallshandtering står heilt sentralt i det grønne skiftet – ikkje minst fordi desse områda er både konkrete og målbare.

Den nye strategiplanen kan kanskje karakteriserast som ambisiøs, men selskapet har over tid synt evne til å gjennomføre, og dette blir også særskilt viktig vidare.

Saman med eigarne vil selskapet, mellom anna gjennom kost/nytte-vurderingar, finne balanserte løysingar som er gode både for innbyggjarane og for miljøet – og i tillegg sørge for at dei vedtatte EU-måla for materialgjenvinning blir nådde.

Styret si tilråding til vedtak:

Representantskapet godkjenner ny strategiplan for perioden 2019 – 2022.

Vedtak, samr.:

STRATEGISK PLAN

SØRE SUNNMØRE REINHALDSVERK IKS (SSR)

2019 – 2022

Vedtatt av styret 20. mars 2019

Vedtatt av representantskapet 23. mai 2019

Gjeldande frå 1. juli 2019

Innhold:

1. Status og rammebetingelsar for selskapet pr. 2019	side 3
2. Visjon, forretningsidé og verdier	side 4
3. Strategiske mål og handlingsplan for selskapet	side 5
4. 3.1 Generelt	side 5
5. 3.2 Strategiske mål og handlingsplan	side 5
6. 3.2.1 Samfunnsansvar	side 5
7. 3.2.2 Miljøvennlegheit	side 6
8. 3.2.3 Brukarvennlegheit	side 7
9. 3.2.4 Kostnadseffektivitet	side 7
10. 3.2.5 Framtidsretta verksemd	side 8

Formålet med dette dokumentet er å etablere hovudretningslinjer for korleis noverande og framtidige utfordringar for selskapet si kjerneverksemd skal møtast og handterast.

Denne strategiplanen avløyser tidlegare strategiplan.

Selskapsstrategien er bygd på eigarane sitt mandat og forventingar som ligg i selskapsavtale og eigarstrategi. Det er også forventa større merksemd rundt selskapet sitt samfunnsansvar – herunder krav til etikk, klima og arbeidsgivaransvar – og at nasjonale krav og EU sine krav til kjeldesortering blir realisert.

1. Status og rammebetingelsar for selskapet pr. 2019

1.1 Status for selskapet si verksemd

Selskapet vart stifta i 1980 og er eigd av kommunane Herøy, Ulstein, Hareid og Sande – og er organisert som eit interkommunalt selskap. Verksemda omfattar innsamling, transport, omlasting, mellomlagring og vidarebehandling av avfall frå husstandar og næringslivet. I tillegg arbeider selskapet med slamtøming for eigarkommunane.

Miljøkrava til selskapet blir stadig høgare. Det same gjeld statlege krav gjennom eit stadig strengare og detaljert regelverk, digitaliseringsgrada aukar og krava til tidmessig kommunikasjon aukar. Dette er viktige område ein må ta omsyn til i ein ny strategisk plan. I tillegg kjem også verksemda sitt samfunnsansvar, og dette er noko som går utanpå samfunnsoppdraget / samfunnsrolla.

Selskapet sine miljøstasjonar er ferdige og i full drift, og den nye fraksjonen matavfall / våtorganisk avfall er ferdig utrulla i juli 2019. Dermed skal dei største praktiske endringane vere på plass for å kunne utvikle verksemda vidare.

1.2 Miljøkrav / krav til materialgjenvinning frå EU

Begrepet sirkulær økonomi betyr at ein brukar ting om igjen, ein produserer nytt av brukt, etc. Målet med den sirkulære økonomien i EU er få til ein berekraftig økonomisk modell som kan sørge for å redusere / minimere skadelege utslepp og også sørge for at Europa / verdssamfunnet ikkje går tomme for kritiske naturressursar (som t.d. fosfat). Den sirkulære økonomien er ei vesentleg endring frå den tradisjonelle lineære økonomien – som blir kjenneteikna av stort forbruk, bruk og kast, høgt forbruk av fossilt brensel, etc. Sirkulær økonomi inneber at ein i størst mogleg grad tilbakefører verdifulle ressursar i kretsløpet.

I EU sine kretsløpsmål (i rammedirektivet for avfall, 2018/851) er m.a. følgande vedtatt:

- **Hovudmål: 50 % materialgjenvinning av hushaldningsavfall innan 2020, 55 % innan 2025, 60 % innan 2030 og 65 % innan 2035.**

Andre viktige mål:	2025:	2030:
Totalt emballasjeavfall	65 %	70 %
Plastemballasje	50 %	55 %
Treemballasje	25 %	30 %
Emballasje som inneheld jern	70 %	80 %
Emballasje i aluminium	50 %	60 %
Glasemballasje	70 %	75 %
Emballasje i papir og papp	75 %	85 %

Selskapet må med bakgrunn i desse målsettingane satse hardt på å skyve avfall oppover i ressurshierarkiet – som har følgande oppbygging ovanfrå:

- Hindre at avfall oppstår
- Gjenbruk / ombruk
- Bioenergi
- Materialgjenvinning
- Energigjenvinning
- Deponering

1.3 Selskapsstrategien si forankring

Selskapsstrategien er forankra i internasjonale, nasjonale og lokale miljømål. Den er også forankra i selskapet sin eigarstrategi. Forankringa gir forventingar om tidsrette anlegg. Det blir også stilt krav til brukarvennlege og estetiske løysingar, opningstider som er tilpassa brukarane og mykje og god kommunikasjon med alle interessent-gruppene selskapet har. Kunnskap har nær samanheng med kundetilfredsheit, på same måte som pris / gebyr heng tett saman med teneste- og servicenivået.

2. Visjon, forretningsidé og verdier

2.1 Visjon

Selskapet sin visjon er:

«Verdiskapande og løysingsorientert».

2.2 Selskapet sin forretningsidé

Selskapet sin forretningsidé er:

«Med kunnskap og erfaring skal selskapet drive effektivt, framtidsretta og verdiskapande miljøarbeid i regionen, der kvalitet og kostnader harmonerer.»

2.3 Kjerneverdier

Selskapet og selskapet sine medarbeidarar skal:

- Ha miljøfokus
- Vere imøtekomande
- Vere nær brukarane
- Ta samfunnsansvar
- Vere framtidsretta

3. Strategiske mål og handlingsplan for selskapet

3.1 Generelt

Selskapet si kjerneverksemd er å levere renovasjonstenester som møter fastsette miljøkrav, er kostnadseffektive og brukarvennlege.

Myndigheitene, eigarane, abonnentane og andre interessentar har samansette forventingar til samfunnsansvar, innovasjon, kostnadseffektivitet, brukarvennlegheit og miljøvennlegheit.

Samfunnet generelt krev at SSR opptrer ansvarleg og utnyttar ressursane til det beste for miljøet. Innbyggjarane forventar brukarvennlege tenester, medan eigarane forventar at oppgåvene blir løyst betre og meir rasjonelt enn dei kunne gjort sjølv. Selskapet vil søke å finne fram til ein balanse der alle desse omsyna er vurdert.

Forventingane til selskapet er difor samanfatta i tre omgrep:

- NYTENKANDE. SSR skal ha ein løysingsorientert kultur.
- ANSVARLEG. SSR skal vektlegge klima, etikk og miljø i verksemda.
- BRUKARVENNLEG. SSR skal ha brukarvennlege tenester.

3.2 Strategiske mål og handlingsplan

3.2.1 Samfunnsansvar

Selskapet har eit betydeleg samfunnsansvar, noko som også inkluderer ei brei samfunnsrolle og eit tydeleg samfunnsoppdrag, der samfunnsoppdraget m.a. blir utøvd gjennom innhenting og behandling av hushaldningsavfall – som er ein grunnleggande del av velferdsproduksjonen i landet. Det er forventa at selskapet ivaretar dette gjennom konkrete handlingar på fleire område. Det er også forventa at det blir arbeidd aktivt for å realisere målsettingane i den sirkulære økonomien.

Handlingsplan / tiltaksplan:

- Selskapet vidarefører arbeidet med å ha ei koordinerande rolle i det lokale arbeidet med å bekjempe plastforureining langs kysten (marin forsøpling). Dette inkluderer m.a. «Strandryddedagen» og andre lokale ryddeaksjonar for å rydde opp i marin forsøpling.

- Vidareføre samarbeidet med grendalag og velforeiningar om ryddeaksjonar (jfr. miljø og kundetilfredsheit).
- Verksemda skal vise samfunnsansvar gjennom å tilby lærlingplassar.
- Arbeidsgivarrolla og innkjøparrolla står sentralt i samfunnsansvaret, og selskapet skal vere og bli oppfatta som ein seriøs og tydeleg aktør med klare etiske retningslinjer.
- Samfunnsrolla kan også utøvast aktivt utover kjerneverksemda. Dette gjeld innan miljø og andre område der selskapet har kompetanse og kapasitet.
- Økonomi: Samfunnsansvaret kostar litt ekstra, men oppgåvene er viktige å ivareta for selskapet, innbyggjarane og kommunane i regionen.
- Kommunikasjon: At selskapet tar samfunnsansvaret og miljørolla på alvor skal tydeleggjerast i all ekstern kommunikasjon.

3.2.2 Miljøvennlegheit

Med bakgrunn i befolkningsvekst og velstandsutviklinga, aukar avfallsmengdene. Dette betyr at selskapet må legge endå meir til rette for ombruk / gjenbruk og kjeldesortering. Selskapet skal bidra til å realisere nasjonale og internasjonale miljømål ved klimavennleg innsamling og behandling av avfall. Selskapet skal vere ei tydeleg miljøbedrift, der ein m.a. også legg vekt på å sette eit minst mogleg miljømessig fotavtrykk.

Handlingsplan / tiltaksplan:

- Miljøomsyn skal sterkt vektleggast ved valg av leverandørar og behandlingsmetodar. Viktige stikkord her er nærheitsprinsippet og høgast mogleg plassering i avfallshierarkiet.
- Valgte løysingar skal vere estetisk gode.
- Det skal lagast årlege måltal for miljø, innsamling og kjeldesortering.
- Ut frå estetiske omsyn, som verkemiddel for betre brannsikkerheit og mindre forsøpling, skal arbeidet med nedgravde løysingar prioriterast høgt.
- Utviklingsarbeid saman med dei andre selskapa i regionen skal halde fram. Dette vil i først og fremst gjelde våtorganisk avfall / matavfall, biogass, slam og kommunikasjon. Ein viktig del av dette arbeidet er å finne ut om det er hensiktsmessig at ein aukande del av verdiskapinga blir knytt til gjenbruk og gjenvinning i regionen vår, framføre å sende avfallet til behandling i andre regionar / utlandet.
- Selskapet inviterer næringskundar til å vere med på frivillig sortering av matavfall og andre ordningar som hushaldningane har.
- Økonomi: Nedgravde løysingar har høg prioritet, men løysingane kostar ein del. Eit eventuelt biogassanlegg har ein høg investeringspris i kroner, men gir også ein tilsvarande høg miljøgevinst.

- Kommunikasjon: Miljøbudskapet må ut. Stikkord: Miljørett avfallsbehandling, måltal og lokalt / regionalt samarbeid der dette må til for å realisere miljømål.

3.2.3 Brukarvennlegheit

Selskapet skal levere ein brukarvennleg teneste som inneber tilgjengelege og lettfattelige løysingar for brukarane. Dette vil i praksis seie rett kapasitet, rette løysingar, rett kommunikasjon – og balansere dette med rett kostnad.

Handlingsplan / tiltaksplan:

- Anlegga skal – ut i frå kost/nytte – ha opningstider som speglar kundane sine ønskjer.
- Kundeundersøkingar og tilbakemeldingar elles skal vere med på å legge eit grunnlag for stadige tilpassingar i tilbod og service. Service- og tenestetilbodet, samanlikna med gebyrnivået, skal jamnleg benchmarkast mot samanliknbare selskap. Resultatet av slike undersøkingar skal også kommuniserast ut.
- Økonomi: Tilbodet må balanserast mot kostnader, sidan det er ein tett samanheng mellom tilbodet og gebyrstorleiken.
- Kommunikasjon: Auka satsing på elektronisk kommunikasjon (digitalisering), nettsider og sosiale medier. Dette inneber m.a. at papirkalendaren blir fjerna og kun liggande på selskapet si nettside. Den kan printast ut og sendast til dei som ønskjer det. I profileringa utad skal det leggjast endå større vekt enn no på open kommunikasjon om kor høgt tenestenivået faktisk er og miljønytta / miljøbudskapet / berekraftig utvikling som ligg i selskapet sitt arbeid. I tillegg må ein også legge vekt på å få fram kva som skjer med avfallet, kva gebyret går til, samfunnsnytta, kor nær vi er brukarane, praktiske løysingar og digitale løysingar.

3.2.4 Kostnadseffektivitet

God og forutsigbar økonomistyring er grunnlaget for all god drift og dette skal fortsatt ha høgaste prioritet i selskapet. For å oppnå stordriftsfordelar og samordning av tenestetilbodet, skal selskapet vidareføre samarbeidet med andre aktørar i regionen. Gebyrnivået skal harmonisere med teneste-/servicenivået.

Rekneskapet på hushaldning skal baserast på sjølvkost ut i frå gjeldande reglar.

I tillegg til lovpålagd næringsverksemd, skal selskapet drive næring ut i frå prinsippet om at næring er eit verkemiddel for å kunne etablere og drive gode løysingar for innbyggjarane – gjennom at næring gir eit betydeleg bidrag til finansieringa av desse løysingane. Miljøstasjonane er eit eksempel på dette. Næringsverksemda skal drivast

med minst mogleg risiko ut i frå vanlege forretningsmessige prinsipp, og selskapet skal ha ein tilfredsstillande årleg resultatmargin på næring etter fullfordeling av kostnader. På sikt bør eigenkapitalen vere på eit nivå som gir selskapet konkurransekraft i marknaden.

Handlingsplan / tiltaksplan:

- Alle endringar i drift og tenestetilbod skal vurderast ut frå kost/nytte-prinsippet.
- For å nå oppsette drifts- og økonomimål er kontinuerlig kompetanseutvikling i organisasjonen eit viktig verkemiddel, og dette vil bli prioritert.
- Renovasjonsgebyret skal harmonisere med service- og tenestenivået, og sjølvkostfondet skal over tid ha ein storleik som sikrar jamn gebyrutvikling.
- Selskapet skal satse på regionalt samarbeid og fagleg / geografisk utvikling der dette er hensiktsmessig for å nå både miljømessige, kompetansemessige og effektivitetsmessige / økonomiske mål. I dette ligg det også at selskapet skal vere på tilbodssida og bidra til utvikling og vekst i regionen.
- Det skal undersøkast både regionalt og nasjonalt for å kunne identifisere best praksis innanfor områda rasjonell og effektiv drift.
- Overskot frå næringsverksemd kan – i samråd med eigarane – nyttast til å støtte opp om lokale miljøraker i dei kommunane selskapet arbeider i, herunder å bruke selskapet som faginstans.
- Økonomi: Høgt service- og tenestenivå krev at selskapet må balansere dette mot kostnadsnivået og kontinuerlig gjere kost/nytte-vurderingar.
- Kommunikasjon: Understreke kor godt tilbodet faktisk er.

3.2.5 Framtidsretta verksemd

Selskapet skal vere ei nytenkande og framtidsretta bedrift, der ein utnyttar gode løysingar til beste for innbyggjarane og miljøet. Selskapet skal også i større grad enn tidlegare samarbeide med eigarkommunane om dei gode løysingane. I tillegg bør ein, der det er naturleg, vurdere om også anna interkommunalt samarbeid kan vere aktuelt – både territorielt og reint fagleg. Selskapet har ein del spisskompetanse og høg gjennomføringsevne, noko som eigarar kan nytte i regionen i større grad enn i dag.

Handlingsplan / tiltaksplan:

- Selskapet skal kontinuerlig vurdere gode løysingar for å effektivisere drifta og kommunikasjonen, og skal også gjere vurderingar av om IoT og «Big Data» er noko som kan nyttast i dette arbeidet.
- Det skal satsast målretta på elektronisk kommunikasjon med kundar, samstundes som det må takast omsyn til mange eldre abonnentar som ikkje kan kommunisere elektronisk.

- Det bør etablerast samarbeidsformer mellom selskapet og eigarkommunane, der ein kan få utnytte selskapet sin kompetanse og gjennomføringsevne i større grad enn i dag.
- Økonomi: Digitalisering og innovasjon har ein relativt høg oppstartskostnad gjennom investeringar, etablering av lisensar og personellbruk, men ein kan få dette igjen med meir rasjonell drift over tid.
- Kommunikasjon: Auke digitaliseringsgrada på kommunikasjonen gjennom utstrakt bruk av appar, nettsider og sosiale medier – i tillegg til informasjonsheving og –utveksling gjennom automatiserte løysingar. Sistnemnde inkluderer større digital brukarmedverknad.

Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS

MØTEBOK - REPRESENTANTSKAPET

SAK NR R08/19

Møtedato: 23.05.2019

Sakshandsamar: Einar Heimdal

Sak R08/19 – KORT ORIENTERING OM DRIFTA I SSR V/STYRELEIAR OG DAGLEG LEIAR

ORIENTERINGSSAK

Styreleiar og dagleg leiar vil informere om drifta i SSR og aktuelle saker.

Generelle orienteringar utan at det er lagt opp til vedtak i saka.